



KYSTVERKET

Kinn kommune
Postboks 294
6701 Måløy

Dykkar ref
23/1224 - 24/35508 /
JAMI1

Vår ref
2023/1537-5

Arkiv nr

Sakshandsamar
Tormod Hjørungnes Engen

Dato
12/09/2024

Fråsegn ved offentlig ettersyn av kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2036 og planstrategi for Kinn kommune - Vestland fylke

Kystverket syner til dykkar høyringsbrev av 26.07.2024 som gjeld ovannemnde og til vår fråsegn av 28.04.2023 i høve oppstart av planarbeidet.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gje overordna mål for sektorane si planlegging og retningslinjer for korleis gjennomføre kommunen sine eigne mål og strategiar i den kommunale verksemda. I samfunnsdelen skal ein ta strategiske val for utviklinga av kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon.

Kommunal planstrategi har som føremål å drøfte kommunen sine strategiske val med omsyn til samfunnsutvikling og verksemdstyring og å vurdere kva planar ein skal prioritere og arbeide med i løpet av valperioden.

Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet


Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining og høyrer til under Nærings- og fiskeridepartementet. Vi tek ansvar for sjøvegen og produserer viktige fellesgode for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og som bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet.

Kystverket har fått i oppdrag å bidra til utvikling av eit heilskapleg og velfungerande transportsystem med farleier, hamner og hamneterminalar som er særskilt viktige for næringsutviklinga langs med kysten og for at norske bedrifter kan inngå i større handels- og produksjonsnettverk, og for at personar skal kunne reise mellom heim og arbeidsstad.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på våre [nettsider](#)¹. Her finn ein og styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegginga etter plan- og bygningslova.

Sjøkart og stort sett alle sjørelaterte opplysningar som omfattar Kystverket sine sektoromsyn finn ein i Kystverket si kartteneste Kystinfo <https://kystinfo.no/> og i Kystdatahuset <https://kystdatahuset.no/>.

Vi viser og til vegleiaren «Planlegging i sjøområdene.» som syner korleis Kystverket sine interesser vert omsett i arealplanar. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/planlegging-i-sjoomradene/id2700314/>

Vår vurdering

Vi synest framlegg til planstrategi gir ein god og oversiktleg gjennomgang av kommunen sine utfordringar, satsingsområde, moment og føringar som vil vere avgjerande for om kommunen når sine planlagde målsettingar. Vidare gir dokumentet ein god oversikt over prioriterte planar og oppgåver for komande planperiode.

Kystverket finn ikkje særskilt å merke til framlagt kommuneplan og dei satsingsområda som der er nedfelt, men vil på generelt grunnlag oppmode Kinn som fjord- og kystkommune til å fokusera på kommunen sin identitet og historie innanfor fiske, fangst og det maritime næringsliv som ei føring for framtidig vekst og utvikling av lokalsamfunnet.

Ein vil og nemne at kommunen si samfunnsplanlegging bør avspeglast i kommunen si arealplanlegging der tilstrekkeleg næringsareal med sjøtilgang og god tilknytning til infrastruktur på land er av stor verdi for det maritime næringsliv. Vi rår og til at ein i kommunale planar legg vekt på verdien sjøareala har for det maritime næringsliv, sjøtransporten, optimaliserte sjøveggar, framkomeleg farvatn og trygge og funksjonelle hamner.

Ut frå Kystverket sitt sektoransvar vil vi og oppmode kommunen til å vektlegge planlegging som omhandlar risiko og beredskap mot akutt forureining og handtering av ulukker.

Om kommunen skulle tenkje seg nye fiskerihamner med fiskerihamnekrav som konkurrerer om nasjonale tildelingar, vert det særst viktig med grundig dokumenterte hamneplanar med nytte- kostvurdering som ein vesentleg del av utgreiingane.

<https://kystverket.no/sjotransport-og-havn/tilskuddsordninger/tilskudd-til-kommunale-fiskerihavnetiltak/>

Ser kommunen føre seg eventuelle framtidige utbetningsbehov i farvatnet eller tiltak knytt til sjøtransporten, oppmodar vi kommunen til å spele desse inn til Kystverket i samband med rullering av Nasjonal Transportplan. Sjå lenke <https://kystverket.no/sjovegen/tiltak-i-farvannet/kystverkets-portefolje-av-farvannstiltak/meld-behov-innspill-til-farvannstiltak/>

¹ <https://www.kystverket.no/sjovegen/arealplanlegging/>

Med helsing

Ruben Alseth
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Vestland fylkeskommune
Fiskeridirektoratet
Statsforvalteren i Vestland

Postboks 7900
Postboks 185 Sentrum
Njøsavegen 2

5020 BERGEN
5804 BERGEN
6863 LEIKANGER